

## Vandring for forandring 2021



Me inviterer deg som er MANN, og har mista nokon i sjølv mord (ektefelle, sambuar, bror, syster, kamerat, kollega) til vandring langs den gamle pilgrimsvegen mellom Haukeli og Røldal.

Tid: Laurdag 4. – søndag 5. september 2021

Innhaldet i samlinga vil vere ei vandring langs den gamle pilgrimsvegen over Haukelifjell til Røldal stavkyrkje. Gjennom mange hundreår vandra folk pilegrim til Røldal. Målet var krusifikset i den gamle kyrkje.

Ei grunnleggande pilgrimsrøynsle er nettopp at ein møtest som den ein er. Med si historie, sine tankar om tvil og tru. Vi ynskjer at denne vandringa skal vere eit tilbod til menneske med ulike tru og bakgrunn. Det at me er ulike gjer vandringa rikare.

Mange etterlatne opplever hjelp ved å møte andre i same situasjon. Fellesskapet gjev rom for aksept og forståing.

I programmet er det satt av tid til samtale og deling av erfaringar på kveldstid, men hovudsaka er sjølv vandringa.

*Denne samlinga har vore som ei bru for sorga mi.* (Sagt av ein deltakar på ei tidlegare vandring)




Vandringa er også ei markering av Verdsdagen for sjølv mordsførebygging (10 september).

Vil ein høyre meir om vandringa og møte to av dei som vert med, kan ein laste ned denne podkasten.

<https://anchor.fm/diakonalgang/episodes/vandre-sorga-mindre-etftn8>

### Program:

Laurdag . 4 september: Frammøte ved Haukeliseter kl. 11. Vandring langs Ulevåvatn over Dyrskar til Svandalsflona. Overnatting i telt/lavo. Ein kan gjerne ta med eige telt som eit godt koronatiltak.



Kvar og ein tek med seg den maten dei treng, tørrmat og gjerne noko ein kan koke ein middag på. På sundagen et me felles middag på Haukeliseter. Elles er vandrainga gratis.

Sundag 5. september. Vandring ned Austemannali til Røldal kyrkje (ca. 13 kilometer) Framme i Røldal mellom kl. 14-15



Ansvarlege for turen: Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest -Telemark, Ole Hafell frå LEVE – Vestfold og Øyvind Dåsvatn frå RVTS-Sør.

Arrangørar: Prostidiakonen i Vest Telemark , Agder og Telemark bispedøme og RVTS Sør, og LEVE I Vestfold og Telemark

**Påmelding og info hjå Prostidiakon** Eilev Erikstein 91 11 35 80 eller [eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)